



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

NVE

Dato: 16.12.2020

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Søknad om bygging av Smisetfossen kraftverk i Ålvunda – Sunndal kommune

Vi viser til høyring på søknad om Smisetfossen kraftverk med høyringsfrist 16.12.2020.

I nettverkssamling for kommunal og regional planlegging 2 des. 2020 gjekk Wenke Langlie i Olje- og energidepartementet nettopp gjennom dette med tiltak i verna vassdrag. Ho påpeikte nettopp dette at det skal vere særlege grunnar om ein skal gjere tiltak i vassdrag generelt og i verna vassdrag spesielt (sjå under). Alle dei 389 verna vassdraga og blant dei Ålvunda er jo tross alt vore gjennom stortinget på sin veg, og ein dispensasjon frå stortinget sitt vedtak bør sitte langt inne.


Nettverkssamling for kommunal og regional planlegging 2020 DAG 1

Konsesjonsplikt

§ 8 (konsesjonspliktige tiltak)
"Ingen må iverksette vassdragstiltak som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen uten at det skjer (...) med konsesjon fra vassdragsmyndigheten."

Særskilte og strengere regler for **verne vassdrag**



 Olje- og energidepartementet



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Ulvåa til Ålvund ble vernet ved Stortingsvedtak av 6. april 1973, i Verneplan I for vassdrag. I VVV-rapport 2001-4 står det mellom anna;

«Kontaktutvalget finner det naturlig nå når landskapet i Innerdalen er fredet, at fredningen blir utvidet til også til varig å omfatte vassdraget. og at denne fredningen blir gjennomført etter naturvernloven.» (St.pp. N. 4, 1972-73). I Stortingsproposisjon N. 89 (1984-85) heter det at : "Det må vare greit å la objektet (vernet) omfatte hele nedbørsfeltet. Det bør siden bli et prinsipielt spørsmål hvilke nye tiltak som kan tillates i vassdraget. "

Smisetfossen er den einaste inntakte fossen i den nedre delen av Ålvunda der folk bur. Sjølve Ålvundfossen som ligg lenger ned mot sjøen, er jo allereie teken bort frå vårt åsyn. Som utbyggaren sjølv seier det i sin søknad; *«Smisetfossen, med sitt rundt 17 m høye fall, er et viktig landskapselement. Dette er den eneste gjenværende, uberørte fossen på elvestrekningen som går gjennom bebygde områder.»*

Ved utbygging av Smisetfossen vil ein få redusert vassføring som vil føre til redusert fuktigheit for eit større område rundt fossen. Dette vil nok føre til at samansetninga av dyr og planter rundt Smisetfossen vil bli endra.

Vi er opplyst om at strekninga av elva nedom Smisetfossen heilt ned til inntaket Ålvundfossen er eit mykje nytta padleområde. Dette er eit spanande område og villmarksprega område for kanopadlarar. Samstundes er vi gjort merksam på at elvestrekninga nedstraums Smisetfossen har grov aure (over 2 kg) som gjer arealet attraktivt for den av friluftslivet.

Om ein skal tillate noko utbygging i vassdrag i det heile så må fordelane vere større enn ulempene. I eit verna vassdrag skal jo ikkje tiltak i utgangspunktet tillatast og større inngrep i vasstrengen absolutt ikkje. Slikt sett skulle NVE ved oppstartsmøtet med søkjar varsle at dei kjem til å bruke si innsigelsemynde om ei slik plan som dette ville bli fremma.

Konklusjon

Kraftutbygging betyr tap av natur og kraftutbygging i eit verna vassdrag skal i prinsippet ikkje skje. FNF Møre og Romsdal meiner Ålvunda har tapt nok natur med dei kraftreguleringane som er gjort frå før i vassdraget, og meiner difor at ein ikkje bør tillate dette kraftverket i Smisetfossen.

Ingbjørn Bredeli

Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal